

REISEDIREKTIV FOR MENTAL HELSE SYKKYLVEN (MHS)

Forslag til revisjon av reisedirektiv

(Sist vedtatt av årsmøtet i Mental Helse Sykkylven 17. februar 2022.)

1. Alle reiser det krevjast dekning av kostnadar for må vere godkjent av leiar og **kasserar** eller styret må har gjort eit vedtak om aktivitet som medføre reise. Styret kan vedta eigenandel for deltaking på aktivitetar som medføre reisekostnadar.
2. Krav om dekning av reisekostnadar må vere framlagt seinast 5 veke etter reise slutt, og fremjast på godkjent reiserekningsskjema. **Kasserar** kan krevja kortare frist for framsetjing av krav dersom dette er nødvendig for rekneskapsføringer. Styret har ansvaret for at reiserekningsskjema er lett tilgjengeleg.
3. Billigaste og kortaste reiseveg skal nyttast. Unntak og eventuelle avvik må dokumenterast. Ved bruk av eigen bil må dette vere godkjent før reise start, og eventuelle passasjerar på reisa må då godtakast.
4. Alle kostnader må dokumenterast med original billett/kvittering. Reiser dekkjast etter satsar fastsett av årsmøtet. Det gis kun godtgjersle til reiser etter pkt. 1 og **på tenestereiser** over 15 km.
5. Satsar for 2023:
 - 3,50 kr per km ved bruk av eigen bil.
 - 1,00 kr per km per passasjer.
 - Kostgodtgjersle inntil 200 kr for reiser på over 6 timer. Unntak kan gis ved helse tilstandar. Ulegitimert kostgodtgjersle og unntak må godkjennast av styret.
 - Overnatting skal særskilt avtalast med leiar, økonomiansvarleg eller styret, og dekkjast etter rekning frå overnattingsstad (privat overnatting dekkjast ikkje).
 - Godtgjersle ved bruk av andre motoriserte framkomstmiddel enn bil skal særskilt avtalast med leiar, økonomiansvarleg eller styret.
6. Dekkjer tredjepart reisekostnadar skal krav rettast direkte til tredjepart og dekkjast då etter tredjepart sine satsar.
7. Medlemar og tillitsvalde som utførar bestillingsoppdrag frå tredjepart må krevje dekning av reisekostnadar frå tredjepart.
8. **Utbetaling av reisegodtgjersle og eventuelt andre utlegg skjer ved lønnskøyring påfølgande månad.**